



## Referat frå møte i Rådmannsforum

**Dato: Fredag 10.06.2016**

**Tid: 09.00 – 12.30**

**Møtestad: Kommunestyresalen, Odda rådhus**

**Rådmenn:** Aud Opheim Lygre (Eidfjord), Trude Letnes (Granvin), Siv Helle Prestegard (Jondal), Arild Steine (Kvam), Ole-Jørgen Jondahl (Odda), Torbjørn Reisæter ( vara i Ullensvang), Joakim Øren (Ulvik)

Hedvig Moen Øren, tidlegare rådmann i Ullensvang var invitert til lunsj, og fekk med seg gode helsingar for sitt arbeid i Rådmannsforum i Hardanger.

**Administrasjon:** Trude Rinaldo, Hardangerrådet

**Forfall:** Magnus Steigedal, Ullensvang herad

**Møteinnkallinga er gjort i Outlook. Dokumenta er nummererte.**

### Agenda:

09.00 Sakshandsaming

11.00 Lunsj med helsingar for godt arbeid og samararbeid i Rådmannsforum.

12.00 Sakshandsaming

13.00 Møteslutt

### Sakliste Rådmannsforum:

#### RF-sak 12/16 Meldingar

Ingen Meldingar

#### RF-sak 13/16 Møtebok frå Regionrådsmøte 27.04.2016 Orientering

Joakim Øren, som var tilstades på Hardangerrådsmøtet 27.4.2016 i Jondal, refererte derifrå til dei andre rådmenna.

#### RF-sak 14/16 Selskapskontroll med forvaltningsrevisjon Hardangerrådet IKS.

##### Drøfting av tilrådingar.

Rådmannsforum meinte at tilrådingane var politiske, og derfor ikkje grunnlag for deira vurdering. RF meiner vidare at det ikkje skal vera politiske tilrådingar frå ein selskapskontroll.

#### RF-sak 15/16 Program for rådmannsmøta hausten 2016

Rådmannsforum skal ha eigne nettverksmøter med tydeleg tema.

Møteplan er endra til færre møter, som skal gå over 2 dagar.

#### Vedtak:

##### Møteplan hausten 2016

22.-23.09.2016 Kvam herad. Tema: Delegering

08.-09.12.2016 Ullensvang herad Tema: Rådmannsrollen

RF ønskjer at Hardangerrådet tek kontakt med Trygve Nordby, for at han skal gå gjennom kommunelova. Ønskjer eit dagmøte i veke 34 med formannskapa og rådmenn i Hardanger.

**RF-sak 16/16 Kommunestruktur-reforma**

Gjensidig informasjon om kommunereformarbeidet frå kvar kommune

Det er behov for samarbeid i framtida.

Vil me laga fleire tenester som går på tvers av kommunane? Skal RF laga eit arbeidsseminar for å visa behov for tenestelevansar.

**RF-sak 17/16 Orienterings- og drøftingssaker. Saker innmeldte ved starten av møtet.**

Ingen saker innmelde ved møtestart

Referert av

Trude Rinaldo

Konsulent i Hardangerrådet